



Referat frå møte i Samarbeidsutvalet (SU) og skulemiljøutvalet (SMU) 17.10.19

Til stades: Judith Marie J. Tollaksen (Elevrådet), Thomas Klausen (Elevrådet), Anne Brubakk Ånensen (FAU), Knut Terje Stava (FAU)
Kristin Maartmann (Lærer), Dag Eirik Einarsen (Lærer), May Elin Ådland (vararep. andre tilsette) og Hege Mæhle (rektor/kommunal representant).

Saker:

05/19

Oppgåva til SU og SMU

Det vart orientert om kva oppgåver SU har. Samarbeidsutvalet (SU) er skulen sitt øvste rådgjevande organ og her er alle partane i skulen representerte: elevar, foreldre, undervisningspersonalet, andre tilsette og to representantar frå kommunen, der rektor skal være den eine. SU har rett til å uttala seg i alle saker som gjeld skulen.

SU kan til dømes uttala seg om:

Forslag til budsjett, verksemd - og utviklingsplanar for skulen, plan for heim-skule-samarbeid, planer for ombygging og vedlikehald av skuleanlegga, trafikkforholda og korleis skulevegen kan sikrast og ordensreglementet.

Det vart også orientert om kva oppgåver SMU har. Utvalet er eit rådgjevande utval som skal halde seg orientert og uttala seg om skulemiljøet. Det gjeld både det fysiske og det psykososiale miljøet på skulen. Det skal vera eit fleirtal av elevar og foreldre i SMU.

06/19

Konstituering

Kathrine Sletten (FAU) vart valt til leiar i SU og SMU, Anne B. Ånensen var valt til nesteleiar i SU og SMU.
Hege Mæhle tar sekretærjobben.

07/19

Skuleruta - endringar

Det blir eit par endringar i skuleruta. 27. januar blir skuledag, mens 17.april blir fridag for elevane. I tillegg kjem ein avspaseringsdag for kveldsarrangementet me skal ha 6.mai. Denne dagen er ikkje fastsett enno.

08/19

Beintøft – premiering frå FAU?

Beintøft FAU bestemte seg også dette året for å gi ein pengesum til den klassen som er flinkast til å gå eller sykla til skulen. FAU vedtok å gi 100 kroner per elev i klassen. I Karmøy går Beintøft over 15 veker.
SU/SMU ønskte også at det skulle vera premiar til enkeltelevar som har gjort ein god innsats sjølv om dei ikkje går i ein klasse som hevdar seg samanlagt.

09/19

Kunst- og kulturprosjektet

Grindhaug skole skal i 1,5 år vera med på eit kunst- og kulturprosjekt. I løpet av denne perioden vil elevane få møta fleire kunstnarar. Målet for prosjektet har me formulert slik:

Ved hjelp av dyktige kunstnarar og ei satsing på kunst – og kulturfaga, er målet vårt å skapa auka motivasjon, kreativitet og skaparglede for elevane våre. Respekt for naturen og naturglede vil vera den raude tråden gjennom heile prosjektet vårt. Det blir derfor naturleg å kalla prosjektet vårt for «Ei hyllest til jorda».

Me har mange planar, men det største som skal skje er arbeidet mot eit arrangement på kveldstid 6. mai 2020. Då inviterer me føresette og søsken til blant anna framsyninga: «Ei hyllest til jorda.»

10/19

Eventuelt

- Vond lukt på toaletta – Elevrådet tar jobben med å plassera godlukt på toaletta
- Mala toaletta? – Elevrådet ønskjer at toaletta skal bli pussa opp – me undersøker med vaktmeisteren om han vil gjera det eller om dette kan bli ei oppgåve for elevane.
- På grunn av gravearbeid i nærområdet vil trafikken rundt skulen auka i ein periode. Me tar kontakt med kommunen for å få meir informasjon i saken.

Grindhaug skole 27.10.19

Hege Mæhle
Sekretær i SU/SMU

